

# KRINGKOM

MEDLEMSBLAD FOR KRINGKAS

NUMMER 1/2021

– Det er nok mange som drøyer om å ha litt plass rundt seg, seier **Arve Uglum**, tidlegare programleiar i *Der ingen skulle tru at nokon kunne bu*.

SIDE 6



# KRINGOM


**MEDLEMSBLAD  
FOR KRINGKASTINGS-  
RINGEN**

**BLADSTYRAR**  
Kjartan Helleve

**TRYKK**  
Merkur Grafisk AS

**OPPLAG**  
900

## INNHALD



## KONTAKT

[post@kringkastingsringen.no](mailto:post@kringkastingsringen.no)

Kringkastingsringen  
Pb. 9161 Grønland  
0134 Oslo

943 97 998

[www.kringkastingsringen.no](http://www.kringkastingsringen.no)

## MEDLEMSKAP

Kringkastingsringen arbeider for at NRK skal nytta minst 25 prosent nynorsk og at det skal bli meir nynorsk i alle andre radio- og fjernsynskanalar. Fleire medlemmer gjev større gjennomslag. Du kan melda deg inn på heimesida eller ved å betala inn på kontonummer 3480 17 48343. Hugs namn og adresse. Medlemskap kostar 300 kroner. Medlemmer under 30 år betaler 150 kroner.

**BLI MED!**

## INNHALD

- 3 Leiar
- 4 Nytt
- 6 Intervju: Arve Uglum
- 11 24,2 %
- 12 Skjerpings, NRK!
- 14 Intervju: Marta Norheim
- 17 Reprise
- 19 Kryssord!

KRING-  
KASTINGS-  
RINGEN

## LEIAREN

**INGER JOHANNE RUSET**

inger.johanne@ungdomslag.no

Foto: Tommy Christensen



# Takk, Magni!

**EG ER OPPVAKSEN** i ein offiserfamilie og har høyrte mange historier om disiplinen, kunnskapen, humoren og samholdet i militæret. Sjølv gjekk eg Nynorsk mediesenter i 2013, og opplevde det som mi mili-tære utdanning. Stram disiplin, terping, stadige utfordringar og utmattande dagar – men også mykje latter og high fives.

**NYNORSK MEDIESENTER** har fostra opp solide og språksikre journalistar i ei årrekkje, og det er derfor alltid spennande å følgje med på siste nytt frå gamle og nye kull. Målet med senteret er å fore NRK med nynorskjournalistar, men statusrapporten frå i sommar viste at berre 40 prosent av praktikantane endar opp der. Eg trur ikkje det har noko med kvaliteten på praktikantane å gjere, men heller det faktum at det er svært vanskeleg å få fast tilsetjing i NRK. Det er krevjande å gå i usikre vikariat, og fleire av praktikantane vel dermed heller å gå over til andre mediehus eller til andre bransjar.

**FOR OSS** i Kringkastingsringen er det uansett viktigast at nynorskjournalistar tør å bli i språket sitt og tør å ta den plassen dei fortener. Kringkastingsringen har derfor ein ambisjon å vere ein møtestad for unge nynorskjournalistar. Vi legg til rette for møtestader kor nynorskjournalistane kan få inspirasjon, utveksle erfaringar, frustrasjonar og suksesshistorier


**VI SKAL OGSÅ JOBBE** for at Nynorsk mediesenter består, og at ein større del av praktikantane får nytta kompetansen sin i og utanfor NRK. I dag er det 64 unge alumnar frå mediesenteret i NRK-systemet, men vi ser helst at det blir mange fleire.

**TIL SOMMAREN** går Magni Øvre-botten av som leiar for senteret ho har vore med på å bygge opp. Det er nesten umogleg å overdrive kva ho har hatt å seie for nynorsken i NRK, og i media elles. Kringkastingsringen ønskjer å takke henne for ein formidabel innsats. Den som tek over etter ho, vil få store sko å fylle.



## Fire nye korrespondantar

**Gry Blekastad Almås** vender tilbake som London-korrespondent, åtte år etter at ho var der sist. **Philip Lote**, som var korrespondent for kanalen i Brussel frå 2015 til 2020, skal til Beijing.. I Washington blir **Lars Os** (biletet) ein av to korrespondantar for kanalen. Han har jobba som fotograf og videojournalist for NRK i USA sidan 2017. **Heidi Taksdal Skjeseth** blir NRKs korrespondent i Istanbul. (NPK)



## Magni vert

– Fredag 11. juni er siste arbeidsdagen min i NRK. Dagen etter fyller eg 67 år og blir pensjonist, seier **Magni Øvrebotten**, som har vore leiar for NRK Nynorsk mediesenter sidan starten for snart 17 år sidan. Stillinga vert lyst ut med det fyrste og det er regionredaktør **Rune Møklebust** i

Region Vest som skal tilsette den nye leiaren. Han håpar å ha vedkomande på plass før Øvrebotten sluttar.

– Det vert heilt sikkert både rart og vemodig å slutte, men eg er veldig overtydd om at det er rett. Same korleis ein ser det så har eg framtida bak meg. Eg har arbeidd i NRK sidan 1980 og vore leiar i 35 av dei åra. Det kjennest nok og

2

### TV 2 pussar opp

TV 2 presenterte nyleg ny merkevare og visuell identitet. Mellom anna blir den gamle TV 2-logoen erstatta med ein ny. – Somme assosierer oss stadig vekk berre med den lineære TV-kanalen som vart starta i 1992, seier sjefredaktør **Olav T. Sandnes** i TV 2 i ei pressemelding. Medan TV 2 har retta verksemda mot strøyming og digitale produkt dei siste åra, heng merkevara igjen, skriv dei vidare i meldinga. – Den visuelle identiteten til TV 2 har berre vore gjennom små justeringar sidan 1992 samtidig som både TV 2 og mediebransjen har endra seg fundamentalt, seier Sandnes. Grepet får òg konsekvensar for Sumo-namnet, som forsvinn i 2021. (NPK)



pensjonist

det er viktig å sleppe til yngre krefter, og ikkje dryge til dei må bere meg ut, seier Øvrebotten.

NRK Nynorsk mediesenter er NRK sitt strategiske rekrutteringstiltak for å rekruttere og lære opp nynorskbrukande journalistar til nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Senteret har vore i drift sidan 2004 og har så langt lært opp 165 nynorskpraktikantar. 56 prosent av dei arbeider i media, 41 prosent i NRK.

Magni Øvrebotten har tilsett mange folk i NRK, særleg nynorskbrukarar, og ein av dei er Rune Møklebust. Øvrebotten tilsette han i den fyrste leiarstillinga hans i NRK, som redaksjonssjef i NRK Sogn og Fjordane i 2001. Då var Rune Møklebust 25 år gamal, og no er han den siste sjefen hennar i NRK.

– Eg er framleis veldig nøgd med den tilsettinga, seier Øvrebotten.

(Nynorsk Mediesenter)

## Lokalradioen prega av «gamlisar»

Lokalradioen står framleis sterkt her i landet, men no er eksistensen truga av generasjonsskifte. I det siste er det fleire lokalradioar som har måtta leggje ned grunna mangel på frivillige

**Finn Skare** driv saman med rundt 20 andre frivillige Radio Luster i Sogn, men skulle gjerne hatt fleire unge kollegaer.

– Sett bort ifrå to programleiarar er vi alle mellom 68 og 85 år, fortel pensjonisten, som sjølv har vore frivillig nesten sidan oppstarten i 1985. Nyleg fekk fleire lokalradioar konsesjon til å sende på FM-nettet ut året 2026. Etter det er det uvisst kva som vil skje.

– Å gå over på DAB-nettet er frykteleg dyrt. Men det er klart vi vil fortsetje å sende radio på eitt eller anna vis, fortel radioveteranen i Sogn.

(NPK)

## NRK framleis størst

NRK 1 er framleis den største TV-kanalen i landet. Relativt nye tal frå Kantar Medias TV-barometer viser at NRK 1 auka marknadsdelen sin frå 32 prosent i 2019 til 35,7 prosent i fjor, skriv *Kampanje*. Tala viser òg at nyheitskanalane til NRK og TV 2 gjer det skarpt. TV 2 Nyheitskanalen aukar marknadsdelen sin med 0,8 prosentpoeng til 4,3 prosent i 2020. Kanalen er no større enn TV3 for første gong. No nærmar Nyheitskanalen seg TVNorge, som i 2020 fekk ein samla marknadssdel på 5,2 prosent. Men TV 2 Nyheitskanalen var i desember større enn TVNorge med høvesvis 4,1 prosent marknadssdel mot 3,8 prosent. (NPK)

## INTERVJU

Frå prisutdelinga i redaksjonen i Sogn Avis. Foto: Anders Huke/Sogn Avis





**ARVE UGLUM**  
Vinnar av Kringkastings-  
prisen 2020

# Den draumen

– Om programmet greier å få folk til å sleppa sin eigen kvardag ein augneblink, har det lukkast, seier **Arve Uglum**, tidlegare programleiar i *Der ingen skulle tru at nokon kunne bu* og vinnar av Kringkastingsprisen.

Leiinga i NRK var så godt nøgde med *Der ingen skulle tru at nokon kunne bu*, at dei gav redaksjonen melding om at det ikkje var naudsynt å gjera endringar dei neste fem åra. Det fekk programleiar Arve Uglum til å tenkja på framtida. Meldinga var ei tillits-erklæring, men samstundes ville det seia at det skulle gå fem år før han fekk driva særleg utviklingsarbeid. Ei kjensle av å stå ro melde seg, kombinert med ei redsle for å bli like knytt til serien som forgjengaren Oddgeir Bruaset. Etter å ha vitja Uren, Luren og Him-melturen i sju år, braut Uglum av for å bli redaktør i Sogn Avis. Han har ikkje angra.

– Det er det mest intense eg har gitt meg ut på her i livet. Det er utruleg kjekt og lære-rikt, og akkurat det eg trong, fortel Uglum.

– Eg er både redaktør og dagleg leiar. Så langt i dag har eg skrivne ein leiar, attestert ein haug med fakturaer, skrivne eit referat frå ein medarbeidarsamtale og styrt debattsidene til laurdags- og måndagsavisa. I tillegg kjem alle personaloppgåvene i ei mellomstor verksemd med nesten tjue personar, det er papirdistri-busjon, digital satsing og anna utvikling-sarbeid. Å leia *Der ingen ...* er mellom dei finaste jobbane i medie-Noreg, men eg var nok komen til eit skilje. Skulle eg halda fram

med programmet til eg vart pensjonist eller skulle eg finna på noko anna? Eg valde det siste.

## TRUDE LEINGA TULLA

Uglum er likevel ikkje heilt urøynd med ny-hendejournalistikk, han har tidlegare arbeidd både i lokalaviser, på distriktskontor og har dekt fleira store idrettsarrangement, mellom anna fotball-VM i Tyskland i 2006. Han var stasjonert i Sogndal, men oppdaga etter kvart at det store NRK-systemet ikkje berre kunne føra han til stader langt vekk, men også til stadig nye prosjekt. Saman med Torje Bjell-aas, sin trufaste fotograf og medprogram-skapar, laga han dokumentarserien *Fjellfolk*, om folk som lever og arbeider til fjells. Serien starta i 2012, vart godt motteken, og det vart laga ein sesong til. Om lag samstundes sat leiinga i NRK og lurde på kva dei skulle gjera med *Der ingen ...* når no Oddgeir Bruaset nærma seg pensjonsalder. Svaret låg rett under nasen deira.

– Me trudde dei tulla. Programmet er så knytt til ein person, så korleis skulle det vera mogleg å ta over? Så me innstilte oss på å gjera noko nytt om lag i same leia, men meldinga var at det skulle vera likt, program-

Aril Dyrdal ved Nærøyfjorden var med i ein episode som vart sendt i romjula 2017 (Foto: NRK)

met skulle heita det same. Det vart nesten litt for skummelt. Løysinga vart å tenkja på det som verdas beste programidé, og å lata som om det ikkje hadde blitt laga enno. Me utvikla programmet frå ein idé, og såg heller lite på Oddgeir sine program. Slik kom me opp med vår variant, seier Uglum.

## SPEKTAKULÆRE BILETE, KORTHOGD SPRÅK

– *Kva er skilnaden?*

– Oddgeir Bruaset vart sett på som ein antikvitet i NRK før han kom opp med denne ideen. Han representerte det gamle NRK i ei tid der alt skulle fornyast. Han var avskriven. Men så kjem han med denne upercuten av ein ide, eit program han alltid kjem til å bli hugsa for. Det seier noko om mannen. Men han er likevel eit barn av si tid, og eg av mi, så arbeidsmetodane er ulike. Me bestemte oss for å ha ei meir her og no-tilnærming, slik me var vane med. Me ville ha mindre av at folk snakka om det som hadde skjedd før, det som hadde ført dei fram til desse stadane. Så me var meir dokumentariske, filma heile tida og hadde mykje meir råstoff å ta av. Oddgeir var ein resar til å planleggja, og visste på førehand akkurat kva bilete han ville ha.

– *Du hadde også ganske korthogde kommentarar?*

– Det er jo stort sett spektakulære bilete, så eg prøvde berre å spela på lag med dei. Eg ville aldri kunna overgå bileta. Om historia er god, så kan du vera nøytral, korthogd og presis. Du treng ikkje noko blomstrande språk. Men eg trur kommentaren må til sidan programma skal femna breitt. Det handlar om



å peika på noko i bileta, og leggja til rette for det folka skal seia. Men den har ingen eigenkvalitet, det var ikkje lyrikk me heldt på med.

– *Du har fått mykje skryt for språket.*

– Ja, og det er sjølvstakt kjekt. Saman med kollega Noralv Pedersen laga eg ein nynorsk som lener seg tungt på sognadialekten. Det var ikkje alltid rett normert, men me braut konsekvent. Kommentarsporet er jo verbalt, det er du som seier det, men eg ville nok ha sagt det på ein litt annan måte privat. Men me låg så tett opp til dialekten at det kjendest veldig som meg. Men eg har aldri vore så god i nynorsk som etter at eg byrja i avisa. Den har fått seg eit kraftig løft. Eg har drive med fjernsynskommentarar, og har ikkje sett eit komma i ei setning på ti år. Så eg fann fort ut at eg hadde noko å gå på.

## SLIT SKAPAR GODE FORTELJINGAR

– *Kva trur du suksessen skriv seg frå?*

– Me har i løpet av veldig kort tid gått frå å vera eit hardtarbeidande folkeslag som har





klart seg med det marginale, til å bli veldig rike. Du skal ikkje meir enn eit eller to ledd attende i slekta før du finn nokon som levde enkelt. Det skapar eit band. Særleg dei unge sjåarane er glade i desse besteforeldrefigurane. Samstundes er det nok mange drøymmer om å ha litt plass rundt seg, som er særleg synleg denne koronatida. Me skal ikkje driva misjonering, men få folk til i korte blink å tenkja: Kunne eg...? Men dette er ikkje noko for dei fleste, det er mykje styr og mykje slit. Og du skal gjera det åleine. Men om programmet greier å få dei til å sleppa sin eigen kvardag ein augneblink, har me lukkast.

– *Er slitet viktig å ha med?*

– Det er viktig å syna fram realitetane.

Dessutan skapar motstand gode forteljingar. Og det er jo poenget med serien.

– *Har programmet ei framtid?*

– Alt ligg til rette for det. Meldinga frå NRK-systemet var at me ikkje trong å gjera noko med forma på fem år, og den meldinga er det ikkje mange som får i TV-bransjen.

Noko av dette kan nok koma av at programma ligg lett tilgjengelege på nett, og programmet er ein av dei store strøymesuksessane til NRK. Dette var kan henda vårt største bidrag til serien, at me knekte dei digitale kodane. Me gjorde oss synlege i sosiale media, som igjen førte til stor trafikk i nettspelaren.

## DEN STORE FORTELJINGA

– *Greier du å halda deg frå å kommentera dei nye programma?*

– No var eg med på å laga dei programma som gjekk no sist, dei var ferdige før eg slutta i NRK. Men eg prøver å vera slik Oddgeir var, og som Jan Inge Fardal har gjort med meg her i avisa. Oddgeir blanda seg aldri opp i det me heldt på med, men eg fekk ærlege svar når eg spurde. Det har eg også tenkt å gjera.

– *Saknar du programmet?*

– Mange av dei tidlegare kollegaene mine meiner at NRK er det sværaste ein kan driva på med. Dei forstod ikkje heilt valet mitt, og lurte på om eg ikkje ville sakna den store historia. Men det eg og kollegaene mine gjer no, er å fortelja heile historia om samfunnet me lever i, kontinuerleg og i sanntid. Om det ikkje er stor historieforteljing, så veit ikkje eg.

– *Hadde det ikkje vore ein ide å laga eit program frå ein eittromshybel på Carl Berners plass i Oslo?*

– Tru meg. Den vitsen hørde eg så mange gonger at eg laga meg eit standard svar.

– *Og det var...?*

– Spør Noralv. Det er hans ansvar no.

**KJARTAN HELLEVE**

## Her er grunngevinga:

“*Der ingen kunne tru at nokon kunne bu* har sigla opp til å bli det fremste nynorske fjernsynsprogrammet, i skarp tevling med evigaktuelle Med hjarte på rette staden. Og nynorsk er det. Det er nesten parodisk korleis programmet tek oss med til folk som i all hovudsak skriv, eller burde ha skrive, hovudmålet. Det er natur, fjord og fjell, og ein kunne like godt kledd programleiaren opp i bunad. Snakk om å fyra oppunder mytane.

Mykje av grunnen til suksessen til programmet ligg i at me sjåarar får realisert vår indre draum om å bryta opp, flytta til ein knaus og læra oss eit handverk. Gle oss over ein sommarfugl i graset ein sommarsdag. Det som i utgangspunktet er sært og utenkjeleg, blir med eitt det normale. Slik er det også med språket alt blir formidla på. Det som i utgangspunktet kan verka som ein parodi, blir noko naturleg.


Det må vera ein kunst å finna nivået. Det må vera fort å hamnea i det sentimentale og det romantiserande. Bygga opp under mytar om livet som sjølvbergar. Men prisvinnaren går ikkje i den fella. Språket er nesten nøytralt, det er direkte og utan fjonge ord. I tillegg får også fotografen og bileta lov til å leggja bitar i puslespelet. Den breie dialekta gjer avsendaren tydeleg likevel. Språket er upersonleg og personleg på same tid.

Dette lyfter møta med desse raringane langt til fjells og på den nøgne ø. Dei er sikkert vane med å bli konfronterte med valet om å bu for seg sjølve, vane med å bli sette i bås og få utdelt ei rolle. Men dette kort-hogde språket som årets prisvinnar nyttar, gjev ei anna samtale. Intervjuobjekta får nytta sitt eige språk, og dei står tydelegare fram. Skilnadane blir større. Kvardagen kan likna, men motiva og draumane er ulike. Dette er ei bragd å få til.

Ingenting er meir innlysande enn å gje Kringkastingsprisen til programleiaren for *Der ingen kunne tru*. Det er så sjølvsgatt at ein eigentleg burde unngå det. Men det er ikkje mogleg. Det er ikkje råd å late innsatsen for å gjera nynorsk og dialekt til det mest naturlege i verda gå upåakta hen. Det GÅR an å hoppa etter Bruaset.

I tillegg er dette også ein takk for lang, men ikkje heilt tru teneste i kringkastinga. Sjølv om der er råd å henta fram programma frå arkivet, håpar me også at det ein gong i framtida blir råd å høyra silkerøysta frå Sogn. ”

24,2%



(Graf: NRK)

## Tilbake til gamle synder

I fjor greidde NRK kravet for første gong. Det varte ikkje lenge. NRK-sjefen lovar at dei skal skjerpe seg.

I 2019 vart det skrive språkleg historie i NRK. For første gong på 50 år nådde NRK kravet om 25 prosent nynorsk. I 2020 er det tilbake til gamle synder. Totalt var 24,2 prosent av innhaldet til NRK på nynorsk.

Kringkastingssjef **Thor Gjermund Eriksen** fortel til eigen kanal at satsinga på direktesendingar med nyheiter då landet stengde ned i mars, har vore med på å dra ned nynorskprosenten.

– Vi hadde ikkje mange nok nynorsktalende programleiarar på nyheiter på dei nasjonale flatene, forklarar Eriksen. Samstundes gjorde pandemien at mykje planlagd innhald ikkje vart noko av. Men han meiner dei bør skjerpe seg framover.

Det er NRK.no som i 2020 hadde lågast prosentdel nynorsk. Berre 17 prosent av det skriftlege innhaldet til NRK var på nynorsk.

– Det er berre éi løysing på dette: tilset fleire nynorskjournalistar, seier **Inger Johanne Ruset**, leiar i Kringkastingsringen.

– Det er flott med krafttak, stimulering av sovande nynorskbrukarar og språkkontaktar i redaksjonane. Men det som verkeleg

hadde vore til hjelp, var om nynorsk hadde kome lenger opp på prioriteringslista når ein skal tilsetje nye journalistar. I aktualitetskanalane NRK1, P2, P3 og ikkje minst NRK.no, har nynorsktala vore jamt låge i mange år. Om NRK verkeleg vil «skjerpe seg», så er fleire nynorskjournalistar i desse kanalane den naturlege staden å starte, meiner Ruset.

Ho registrerer at NRK-sjefen legg noko av skulda på koronaviruset, men meiner at problema stikk djupare enn som så.

– Den ekstraordinære situasjonen har heller avslørt korleis det eigentleg står til i aktualitetsprogramma og i nettredaksjonane. Om det var nok nynorskjournalistar i NRK, så ville ikkje denne situasjonen hatt så mykje å seie for nynorskprosenten. Ein skulle tru viruset råka språkformene nokolunde jamt. No ser det ut til at nynorsk er noko ein held på med på solskinsdagar og i medvind, men om det smell og buttar i mot, så fell ein ned på bokmål. Eg tykkjer det er synd, seier Ruset.

NPK/KH



# Ja, skjerpings, NRK!

Om nokon lurar på kvifor NRK slit med nynorskkravet, er det berre å skru på Studio 2.

Nyleg la NRK fram tal som synte at dei berre hadde 24,2 prosent nynorsk i kanalane sine i 2020. Dermed blir 2019 framleis ståande som det einaste året då dei faktisk har greidd kravet. Reaksjonane var som venta. Målrørsla, inkludert min eigen organisasjon, var sjølvsgagt skuffa, og kringkastingssjef Thor Gjermund Eriksen lova sjølvsgagt å skjerpa seg. Men det var først då Studio 2 på P2 skulle løfta opp problemstillinga, at ein skjøna kvar skoen trykker.


Dei hadde invitert **Karoline Riise Kristiansen**, språksjef i NRK, og **Jens Kihl**, politisk kommentator i Bergens Tidende og mangeårig nynorskforkjempar. Det lukta ikkje akkurat krutrøyk av det ordskiftet, då Riise Kristiansen kom frå stillinga som redaktør i Nynorsk Pressekontor. Men det var likevel eit håp om at det skulle dukka opp relevante problemstillingar. Men nei. Tvert imot.

Det gjekk ikkje lang tid før det spora av. Kihl fekk akkurat lov til å seia at det er viktig med nynorsk i NRK, sidan det står så skralt til i dei andre nasjonale mediehusa. Brått

seier programleiaren: «Vi må bare understreke at du skriver nynorsk, men du snakker ikke nynorsk, Jens Kihl.»

Hæ? Kva har det med saka å gjera? For det første er det vel likegyldig kva språk Kihl nyttar i det daglege, innlegget hans handla om nynorsk i medie-Noreg. Eller var det viktig for programleiaren å understreka at han skriv nynorsk, slik at lyttarane ikkje skulle tru at ein bokmålskrivande kunne meine det han nettopp hadde sagt? Og «å snakke nynorsk» forsvann ut då **Ingerid Stenvold** fekk lov å nytta dialekt i Dagsrevyen. Men viktigast: Kva har dette med nynorsk i NRK å gjera?

Kihl, van med å møta denne kommentaren, prøvde å vri seg inn på saka att: «Og dette understreker poenget. Det er viktig at nynorskbrukere over hele landet får høre ny...». Så forsvann han frå linja. Og Studio 2 greidde aldri å få kontakt igjen. Kihl la raskt ut ei melding på Twitter om at han mista kontakten av di neste gjest hadde logga seg inn på Report IT-appen. Om det er noko koronaen burde ha lært oss, så er det å kopl



folk saman via nettet. Men Jens Kihl i Bergen kunne like godt ha vore **Odd Karsten Tveit** i Harare i 1987.

Dermed forsvann den kritiske røysta, og språksjefen i NRK vart sitjande åleine i eit NRK-studio for å svara på den manglande nynorsken i NRK. Kristiansen svara så godt ho kunne, og gjorde eit ærleg forsøk på å syna fram språkarbeidet dei trass alt gjer på huset. Det fekk ho ikkje lov til å gjera så lenge.

«Det har vært provoserende for mange med nynorsk i Norge i mange, mange tiår. (...) Er det fortsatt folk som blir provosert av at det skrives og snakkes nynorsk?» spør programleiaren. Om Kihl sin personlege språkbruk var eit sidespor, så var dette å byta tog.

Ja, kjære programleiar, det er det sikkert. Men NRK sitt viktigaste styringsdokumentet er NRK-plakaten. Den blir vedteken av Stortinget og gjeld no i fire år om gongen. Den seier mellom anna at det skal vera 25 prosent nynorsk i NRK. Ikkje som eit mål, men som eit krav.

Innslaget i Studio 2 syner kva NRK slit med. Me veit av erfaring av Kringkastingssjefen tek dette spørsmålet på største alvor. Skal ein allmennkringkastar ha legitimitet, må ein i det minste oppfylle krava som blir stilt. Men dette når tydelegvis ikkje langt nok ned i organisasjonen. P2 er verst på nynorsk av alle kanalane, dei klokka inn på 17,2 prosent. Men programleiaren i Studio 2 tek tydelegvis ikkje dette så tungt. Det er meir interessant at nynorsk er så provoserande.

Då TV 2 ikkje oppfylte alle krava i allmennkringkastaravtala i 2019, kutta Medietilsynet statsstøtta med over fem millionar kroner. Når NRK bryt krava, blir det ordskifte om personlege preferansar og problemstillingar frå skulevala. Om NRK vil skjerpa seg, så vil fleire nynorskjournalistar vera ein god start. Då kunne dei kanskje ha innleidd spørsmålet med «Det er svært mange i Norge som er glade i nynorsk, og har vore det i mange tiår.»

**KJARTAN HELLEVE**

# Bokrøysta

Sjukdom gjorde at NRKs litteraturkritikar Marta Norheim måtte vera mykje inne i barndommen. Gjennom bøkene kunne ho likevel koma ut og få del i andre opplevingar. Sidan har ho vore hekta.

**M**ed rundt 30 års fartstid som kulturjournalist og litteraturkritikar i NRK, har Marta Norheim oversikt over det meste som blir gitt ut av skjønnlitteratur i Noreg. Gjennom tallause radioprogram har heile nasjonen fått del i bokkunnskapane hennar – framført med stort engasjement på glitrande nynorsk.

Eitt av dei programma ho sjølv har sett mest pris på å vera med i, er kåringa av «P2-lytternes romanpris» som blir delt ut på nyåret kvart år. Denne gongen har arbeidet vore meir omfattande enn på lenge.

– I 2020 kom det ut uvanleg mange gode bøker både på bokmål og nynorsk. Det var heilt overveldande, seier Marta Norheim.

Til slutt greidde juryen likevel samla seg om seg seks bøker som går vidare til finalen. Kven av dei seks romanane som går heilt til topps, er det ein lyttarjury som avgjer. Vinnaren blir kåra den siste veka i februar.

## LÆRTE Å LESA SOM FIREÅRING

Marta Norheim har alltid vore glad i å lesa. Ho var ikkje meir enn fire år då ho knekte lesekode. Ei viktig forklaring var at ho ville kunna det same som storesøstera.

Lesekunnskapane skulle visa seg å koma godt med. Som barn var ho mykje sjuk. Astma og bronkitt gjorde at ho ofte måtte vera heime frå skulen i to, tre veker i slengen. Då var bøkene gode å ha.

– Livet som innesittjande barn var utruleg kjedeleg, men Bobseybarna fann på mykje moro. Eg hadde store og ekte opplevingar med desse serieromanane. Og nettopp det med bøker som tok meg med ut på turar eg sjølv ikkje kunne ta, var nok byrjinga på det heile.

I dag er ho ein av dei mest profilerte litteraturformidlarane i landet. Ho har også gjeve ut fleire bøker om litteratur.

Kunnskapen og engasjementet hennar som litteraturformidlar har blitt lagt merke til. Det same har den stødige nynorsken hennar og kunsten å formidla vanskeleg stoff på ein enkel måte. Opp gjennom åra har ho fått fleire prisar og utmerkingar for arbeidet sitt.

## MYKJE ARBEID


Bak suksessen ligg det mykje arbeid. Kåringa av Romanprisen er eitt av det mest omfattande prosjekta Marta Norheim er involvert i kvart år.

– Me lagar først lister over alt som kjem ut på alle forlag. Så plukkar me ut det som er av romanar og fordeler bøkene mellom oss i juryen, forklarar ho.

Med eit par hundre romanar kvart år, seier det seg sjølv at juryen ikkje har kapasitet til å lesa alle romanane frå perm til perm. Kravet til juryen er likevel at dei skal bruka tid på kvar bok slik at dei veit kva dei forkastar. Målet er til slutt å sitja att med rundt 12 bøker.

– Når ein er kommen så langt, er alle





– Det finst ingen fasit på kva som er ein god roman. Ulike lesarar kan oppleve ei og same bok veldig ulikt, seier **Marta Norheim**. Foto: Torstein Bøe / NTB / NPK

bøkene egentleg gode nok til å vinna. Då har me ein grundig, fagleg diskusjon om kva bøker som skal med og ikkje. Til slutt komponerer me ei liste saman. Det er ei nokså høgtidleg stund, forklarar Norheim.

### **GLEDA VED Å DISKUTERA BØKER**

Kva som er ein god roman, er det ifylgje litteraturkritikaren ikkje eit eintydig svar på.

– Det er så mange ulike romanar at du må ha respekt for særpreget til kvar einskild roman. Samtidig er det ulike krav til ulike typar romar. Ofte blir det også eit spørsmål om ulike vektingar. Ein plass kan språket vera dårleg, medan romanen kanskje har eit veldig viktig tema eller ei viktig historie. Spørsmålet er då kor mykje det eine skal vega mot det andre. Der vil folk vera ueinige. Og det er nettopp det som gjer det utruleg moro å diskutera litteratur, seier Norheim begeistra.

Det er ikkje berre gleda over å diskutera den same boka i seg sjølv ho set pris på. Norheim peikar på at gode bøker kan få oss til å reflektera over livet og til å bli meir kjende både med oss sjølve og med andre.

– Gode bøker ber i seg store spørsmål i tida

og om livet. Det gjer at dei kan bli ein del av samtalen ein har med seg sjølv og med andre rundt desse spørsmåla, utdjuar ho.

Ei av bøkene ho sjølv har sett mest pris på det siste året er den siste romanen til Lars Amund Vaage, «Det uferdige huset».

– Det er ein roman med veldig mange lag i seg, i tillegg til at det er ei god historie. Forfatarar som klarar å kombinera det, likar eg svært godt.

### **– KJEKT Å LESA, KJEKT Å FORMIDLA**

Når me spør kva som er drivkrafta hennar i jobben, må ho likevel stoppa opp og tenkja seg om.

– Eg har ikkje nokon kloke ord om at dette er min misjon livet, men det er meningsfullt å gjera. Både det å lesa og det å formidla er noko eg trivst svært godt med.

Kor mange bøker ho les på eitt år har ho ikkje tal på. Når ho ikkje sit fordjupa i ei bok, set ho meir og meir pris på å koma ut i naturen. Hytta i Hallingdal er eit godt utgangspunkt.

– Eg er veldig glad i fjellet. Aller best likar eg meg over skoggrensa der det er vidt utsyn.


**MARGUNN SUNDFJORD/NPK**

## LAGS- ARBEID



## Kopp til Myksvoll

Ja, den nye mediekvardagen er komen, og no heidrar K-ringa også avisjournalistar. **Morten Myksvoll** arbeider i Bergens Tidende, som politisk kommentator. Han ligg på eit generelt høgt nivå, men det var særleg under den amerikanske valkampen han briljerte. I tillegg er han ein av tre musketerar i podcasten *Nokon må gå*, som avisa lagar. Me gratulerer! Stå på!



## Arve Uglum på fire bein

Me er vel alle leie av desse skjermbileta av møte eller andre digitale samlingar, så det er ingen grunn til å ha med eitt av det siste styremøtet vårt heller. Men om de ser oppe til venstre, så kan de helsa på den nye medlemen i K-ringa, katten Arve Uglum. Sååå søt!

REPRISE



Foto: NRK

# VAFFELHJARTE

I fylgje Samlaget handlar *Vaffelhjarte* om «Trille og Lena gjennom liv og vaffelrøre i eit heilt år. Ofte går det litt over styr i den vesle vika deira, der dei lagar taubane mellom husa, leikar andre verdskrig og opptrer som gatemusikantar. Då er det bra dei har slike som farfar og tante-farmor til å ordne opp. Men kva om det skjer noko som ingen kan ordne opp i?»

Sidan ein er van med at barne-TV stort sett er på austlandsmål, så er det alltid rart når det dukkar opp ein med litt meir vestlandspreg. Og om ein treng prov på at ressursane er litt skeivfordelte i NRK, så er det berre å sjå på desse produksjonane. Dei ber ikkje preg av særleg lange innspeldings dagar, helikopter og lange lunsjar. Nesten utan unntak blir replikkane sagt stakkato som om skodespelarane les dei opp frå eit ark.

Slik er det også i tv-sereien *Vaffelhjarte*. Ei stund. Så dukkar brått Nils Sletta opp som bestefaren, og Anne Marit Jacobsen, og jammene er ikkje Odd Nordstoga med og. Musikken festar seg, og snart blir ein riven med av handlinga, av Maria Parr sine karakterar og landskapet. «Det er ganske kaldt her ute, om du skjønner kva eg meiner». Alt blir halde nede, ikkje av di ein ikkje kan betre, men av di ein vil. Dei som har laga dette veit kva dei held på med.

Og så er episoden slutt, full av visdomsord om livet og om ta vare på kvarandre, og «Hallo! Vi kan jo vera bestevenner utan å seia det heile tida», og så kjem «Bestevenn»-songen, og det einaste ein tenkjer på er om når ein skal sjå den neste episoden. Eller neste Parr-bok.

HR



# INNKALLING ÅRSMØTE 2021



Det vert med dette kalla inn til årsmøte i Kringkastingsringen.  
19. mars kl 19.00 | På internett, truleg Zoom eller Teams. Meir om dette på heimesida når det nærmar seg for alvor.

## SAKSLISTE

Årsmelding 2020  
Rekneskap 2020  
Budsjett 2021  
Arbeidplan 2021–2022  
Val

Sakspapira vert å finne på heimesida [www.kringkastingsringen.no](http://www.kringkastingsringen.no).  
Alle hjarteleg velkomne!

## Løysing kryssord 4-20

Annemarta Giske driv helst på med sport, så difor kjem det vel ikkje som noka overrasking at løysinga var: **I MANGE SPORTAR ER MÅL SJØLVE MÅLET.** Me prøvde å leggja inn endå ein vits, noko om målet med stor M, men det vart ikkje plass. Me seier oss leie for dette.

Dei som er trekte ut av bunken og kan gle seg seg over ei lita merksemd, er:

Magnus Hapnes, Tau  
Oddleiv Hjellum, Førde  
Kari Gravdal, Vik

Til lukke!





**RETUR:**

Kringkastingsringen  
Pb. 9161 Grønland  
0134 Oslo



KRING-  
KASTINGS-  
RINGEN

24,2%

